

Musea i Sogn og Fjordane

Styremøte

Dato: Tysdag 23.02.2016
Tid: Kl. 11:00
Stad: De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum, Kaupanger

MØTEBOK

Frå styret møtte: Harry Mowatt, Laura Kvamme, Arild Hartman Eriksen, Ingrid Norum, Steinar Enebø og Hanne B. Oftedal.
Olve Grotle kunne ikkje møte, Hege Lothe var kalla inn som vara men møtte ikkje.

Frå adm. møtte: Direktør Inge Bent Arnestad og økonomisjef Janne Gimmestad.

Referent: Inge Bent Arnestad

SAKLISTE:

01/2016: Godkjenning av innkalling og sakliste
02/2016: Godkjenning av møtereferat frå styremøtet 15.12.2015
03/2016: Orienteringar
04/2016: Årsrekneskap 2015
05/2016: Årsmelding 2015
06/2016: Budsjettsøknad 2017 til Norsk Kulturråd
07/2016: Fellesmagasin og museumsbygg for Sunnfjord Museum
08/2016: Marknadsplan for MiSF
09/2016: Rutinar ved tilsetting av avdelingsdirektør
10/2016: Ymse

SAK 01/2016: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Direktøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend

- Steinar Enebø varsla til sak 10/2016 Ymse oppdatering om status i sak 30/2015 punkt. 2 Dokument til styret og leiing, orientering frå administrasjon og oppsummering i styre (Ikkje off. – Jf. Off.l. §13)

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Samrøystes

SAK 02/2016: GODKJENNING AV MØTEREFERAT FRÅ STYREMØTE 15.12.2015.

Direktøren sitt framlegg til vedtak:

Protokoll frå styremøte 15.12.2015 vert godkjend

Vedtak:

Protokoll frå styremøtet 15.12.2015 vert godkjent

Samrøystes

SAK 03/2016: ORIENTERINGAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

- **HMS/internkontroll/sjukefråvær**

Sjukefråvær

Det totale meldte fråværet på Musea i Sogn og Fjordane i 2015 var på 1,50 %.

Dette er ein nedgang frå 2014 då fråværet var på 2,34 %.

Fråvær	År 2015	År 2014
Totalfråvær	1,50 %	2,34%

Fråværsstatistikken for 2016 og vidare framover blir meir detaljert, dette grunna overgang til nytt lønssystem.

Fråvær	Januar 2016	Januar 2015
Eigenmelding	1,31 %	-
Sjukemelding	1,74 %	-
Borns sjukdom	0,04 %	-
Totalfråvær	3,09 %	3,74 %

HMS:

Det vert møte med leverandør av internkontrollsystemet Vergo for gjennomgang av status på alle avdelingar i løpet av våren 2016. Det er vidare avtalt møte med kommunale brann og redningsetatar for å samkøyre tilgangar til museet sitt systemet for brannsyn. Dette gjeld i fyrste omgang DHS-Sogn Folkemuseum og Kystmuseet som har utfordringar med branntryggleik i administrasjonsbygga.

Det vert halde kurs i stillasbygging for alle avdelingar som nyttar stillas 19.04.16.

- **Besøktal 2015**

MiSF nyttar felles rapporteringsskjema for besøkande med utgangspunkt i føringane om publikumsregistrering frå museumsseksjonen i Norsk Kulturråd. Avdelingane rapporterer kvar månad til administrasjonen. Samanlikna med besøktala for 2014 som hadde ein nedgang på 2,6 % i høve 2013, har det i 2015 vore positiv auke på 20,7% i besøktala. Hovudforklaringa til den store auken er at Sogn og Fjordane Kunstmuseum hadde driftsansvar for Norsk Villakssenter i Lærdal sesongen 2015. Publikum som berre nyttar musea sine kafétilbod og friluftsområda til rekreasjon, er ikkje registrert i statistikken.

Besøk (sum alle gr.)	2010	2011	2012	2013	2014	2015
DHS - Sogn Folkemuseum	39 800	51 000	19 131	14 512	13 774	13.810
Kystmuseet i Sogn og Fj.	11 600	8 800	8 474	9 003	9 837	7.506
Nordfjord Folkemuseum	10 900	9 200	6 765	7 795	7 716	9.321
Sunnfjord Museum	15 100	13 000	8 959	9 679	9 123	8.576
Sogn og Fj. Kunstmuseum	21 700	20 100	19 994	18 476	16 695	28.512
Norsk Kvernsteinsenter	-	-	-	793	977	2.403
SUM REGISTRERT	99 100	102 100	63 323	60 258	58 529	70.128

Vedlegg: Spesifisert besøksstatistikk 2015/ Kommentrar utvikling 2014-2015

- **Norsk Reiselivsmuseum – status og framdrift prosjekt**

Frå januar 2016 er det ny avdelings/prosjektleiing ved Norsk Reiselivsmuseum, samstundes som det har vore andre endringar i personale og prosjekt.

Status utstillingsprosjektet.

Arbeidet med slutføring av alle utstillingane nærmar seg slutten. Ein del arbeid står igjen, og heile anlegget bør testkøyrast før opning. Vår leverandør av datautstyr og datatenestar har fått i oppdrag å utarbeide ein statusrapport saman med utstillingsprosjektet sin rådgjevar i løpet av veke 8/2016. Denne rapporten vil danne grunnlag for framdrifta fram mot ferdigstilling.

Det må utarbeidast eigne FDV-rutinar/avtaler (forvaltning/drift/vedlikehald) for å sikre ei stabil og sikker drift av utstyr, programvarer og sikkerheitsløyisingar i framtida.

Status byggjeprojektet.

Statsbygg har sendt framdriftsplan på utbetring etter vasskade frå slutten av 2015, som betyr ferdigstilling 16.03.16. Det er sendt kommentar til Statsbygg om utført og planlagt arbeid for å sikre vassinntrenging, med innspel på løyisingane som er valt.

Status økonomi.

Pr. 03.02.2016 er bokført prosjektsaldo på om lag 0,9 mill. (rest prosjektmidlar)

Det er i tillegg inngått avtaler som ikkje er levert eller belasta som er vurdert til å vere i storleik med resterande prosjektsaldo.

Status opningsarrangement:

Styringsgruppa har vurdert den nye framdriftsplanen i forhold til opningsdato.

Representantane frå næringsliv og reiselivsnæringa meiner ein bør vurdere å flytte det offisielle opningsarrangementet fram i tid.

Styringsgruppa har sett ned ein arrangementskomité som skal utarbeide ein plan med innhald og budsjett for opningsarrangementet.

Det er utarbeidd ein revidert prosjektplan med opningsdato 29.04.2016.

Vedlegg: Prosjektplan for NRM

Styret er tilfreds med at det er sett i verk tiltak for å avklare status for dei ulike delprosjekta og økonomi, og at det er utarbeidd ein prosjektplan for det vidare arbeidet fram mot ferdigstilling og opning. Styret meiner at museet bør ha som målsetjing å opne til sesongen 2016 som planlagt, med eit opningsarrangement som er tilpassa gjeldande ressursar og tidsperspektiv.

- **Kystmuseet i Sogn og Fjordane – status og framdrift betongskade**

Prosjektet skulle etter plan avsluttast 18.02.2016. Stopp i aktivitetar grunna uvær og lang leveringstid på platekledning, ny port og vindauge, har medført utsetting av slutføring til slutten av april. Forlenging av byggetid har ingen konsekvens for økonomien i prosjektet eller drift på Kystmuseet, og er uproblematisk for MiSF. Totalbudsjett med eige arbeid er kostnadsrekna til 7,2 mill. inkl. mva, og det er ikkje avdekka vesentlege tillegg.

- **Sogn og Fjordane kunstmuseum:**

Det er avdekka utfordringar med drifta av klimaanlegg i det nye kunstmuseet i Førde. Huseigar er bedt om å avklare dette og andre utfordringar (tilkomstkontroll, alarm etc) på bygget. Ein har no hatt ein statusgjennomgang av dei ulike bygga til SFKM. Det er naudsynt å få dialog med alle eigarane for å avklara framtidig vedlikehald, driftsutgifter og tryggleik på bygga.

Driftsmodell for Sogn Kunstsenter i Lærdal er ikkje endeleg avklart. Museet skal drøfte

mogeleghetene for eit samarbeid med Lærdal kommune og Visit Sognefjord for sommarsesongen 2016.

- **Måløyraidsenteret:**
Informasjon frå statusmøte om intensjonsavtale og konsolideringsprosess.
Vedlegg: Møtereferat 13.01.2016
- **Holvikejekta:**
Nordfjord Folkemuseum har i ei årrekke arbeidd med planar om nytt bevarings- og formidlingsbygg for Holvikejekta på Sandane.
Gloppen kommune inviterte Sogn og Fjordane fylkeskommune og museet til drøftingsmøte den 05.02.2016 om søknadsprosess for statlege investeringsmidlar. Museet ynskjer å søkje midlar i budsjettøknad for 2017 til utarbeiding av endeleg søknad om offentlege investerings- og driftsmidlar.
- **Forhandling med kommunane i Sogn og Fjordane om nye driftsavtalar for musea**
 - Informasjon om status

Direktøren sitt framlegg til vedtak:
Orienteringane vert tatt til vitande

Vedtak:
Orienteringane vert tatt til vitande
Samrøystes

SAK 04/2016 ÅRSREKNESKAP 2015

Saksansvarleg:
Janne Gimmestad

Saksutgreiing:
Den samla resultat- og balanserekneskapan med notar pr. 31.12.2015 for stiftinga vert med dette lagt fram for styret.

Rekneskapan er bokført etter felles mal og bokføringsprinsipp, både samla og på avdelingsnivå, gjennomgått og godkjent av avdelingsdirektørane.

For ikkje avslutta prosjekt er det avsett inntekter tilsvarende bokførte kostnader, noko som ikkje gjev utslag på det ordinære resultatet. På avslutta prosjekt vil positive/negative avvik mellom faktiske inntekter og faktiske kostnader påverke det ordinære resultatet.

Det samla rekneskapan syner eit negativt årsresultat på kr 169.869,- som gjev eit resultat på -0,25 %. Netto finanspostar var kr. 769.908,- mot 1.010.755,-året før.

Årets underskot er føreslege dekkja av eigenkapital.

Nøkkeltal	År 2015	År 2014	År 2013	År 2012	År 2011	År 2010	År 2009
Samla offentl.tilskot	51 585 272	45 890 302	43 921 986	39 879 740	38 273 445	36 097 372	34 166 128
Samla lønskostnad	32 836 995	29 623 343	29 225 743	25 612 152	23 343 020	21 495 821	19 618 691
Andre driftskostnad	25 447 735	15 837 012	14 783 146	14 388 235	18 057 632	12 236 428	12 488 978
Eigenkapital	19 022 009	19 191 878	16 268 709	11 950 233	11 784 946	10 896 520	5 494 010

Samla offentlege tilskot til drift og prosjekt har frå 2014 til 2015 auka med 5,7 mill. (12,4 %). Lønskostnadane har auka med 3,2 mill. (10,9 %) mens andre drifts-kostnadane har auka med i overkant av 9,6 mill. (60,7%).

I perioden frå konsolideringa i 2009 fram til og med 2015 har dei samla offentlege tilskota auka med 17,4 mill. (51%). Samstundes har lønskostnadane i perioden auka med 13,2 mill. (67,4%) mens driftskostnadane har auka med 12,9 mill. (103,7%)

Rekneskapa for dei seks driftsavdelingane syner eit samla underskot i 2015 på -230.967 etter netto finanspostar. Dette gjev eit samla akkumulert resultat for driftsavdelingane i perioden 2009 til 2015 på i overkant av 7,0 mill. kroner.

Avsette prosjektmidlar er balanseført og kjem i tillegg til akkumulert resultat.

Driftsavdeling	Res. 2009/10	Resultat 2011	Resultat 2012	Resultat 2013	Resultat 2014	Resultat 2015	Resultat akkumul.
Nordfjord Folkemuseum	391 942	237 273	96 860	764 818	523 059	-659 052	1 354 900
Kystmuseet i Sogn & Fj	174 658	-142 617	199 117	-625 900	363 273	-679 038	- 710 507
Sunnfjord Museum	821 575	53 154	-238 279	469 587	515 627	340 862	1 962 526
DHS-Sogn Folkemuseum	65 365	-424 237	133 092	830 324	713 391	716 157	2 034 092
Sogn & Fj Kunstmuseum	584 429	270 756	-1 008 868	1 508 215	-175 781	-242 300	936 451
Norsk Kvernsteinsenter	-	-	-	724 279	444 834	292 404	1 461 517
Sum	2 037 969	-5 672	-190 790	3 671 322	2 384 403	-230 967	7 038 979

Alle avdelingane i MiSF står ovanfor kostnadskrevjande oppgåver og vedlikehaldsprosjekt som ikkje kan løysast utan å setje av driftsmidlar over fleire år.

Oppsparte disponible midlar blir sett av til bruk i 2016/2017:

- Nordfjord Folkemuseum Restaurering av Heggdalsloftet
- Kystmuseet i Sogn og Fj. Restaurering antikvariske bygg
- Sunnfjord Museum Ny lagringsplass og veg, reparasjon adm. og antikvariske bygg
- DHS-Sogn Folkemuseum Restaurering antikvariske bygg, garderobebygg handverkarar
- Sogn og Fj. Kunstmuseum Astruptunet, sikring bygg
- Norsk Kvernsteinsenter Utviklingsplan og driftsfasilitetar Kvernsteinparken

Desse prosjekta må i utgangspunktet finansierast/delfinansierast med oppsparte og ordinære driftsmidlar. DHS-SF/NRM flytta inn i nybygg i Balestrand i april 2015, og statleg husleigetilskot for 1. kvartal har styret øyremerka Reiselivsmuseet.

Vedlegg: Rekneskap 2015 med notar
 Avdelingsrekneskap 2015
 Budsjett 2016 mot resultat 2015

Direktøren sitt framlegg til vedtak:

Styret for MiSF godkjenner framlagt rekneskap for 2015

Vedtak:

Styret for MiSF godkjenner framlagt rekneskap for 2015

Samrøystes

SAK 05/2016: ÅRSMELDING 2015

Saksansvarleg:

Inge Bent Arnestad

Saksutgreiing:

Framlagt utkast til styrets årsmelding for 2015 for Musea i Sogn og Fjordane er utarbeidd i nær dialog med avdelingane og revisor. Lov om rekneskap § 3-3 «Årsberetningens innhold for små foretak» er lagt til grunn for innhaldet og krav til offentleg årsrapportering.

Årsmelding for 2015 har same form og disposisjon i forhold til føregåande år. Som vedlegg til årsmeldinga følgjer ei samla framstilling av den faglege drifta i museet. Den er utarbeidd med bakgrunn i rapportar frå avdelingane.

Vedlegg: Utkast til styrets årsmelding for 2015

Direktøren sitt framlegg til vedtak:

Styret for MiSF godkjenner framlagt årsmelding for 2015

Steinar Ewebø la fram forslag om at det under punkt Administrasjonen i årsmeldinga bør kome fram at avdeling Nordfjord Fokemuseum har utvida arealet til fellesadministrasjonen med nye og funksjonelle kontorfasilitetar.

Etter drøftingar gjorde styre følgjande vedtak.

Vedtak:

Styret for MiSF godkjenner framlagt årsmelding for 2015 med dei endringar som kam fram i møte.

Samrøystes

SAK 06/2016: BUDSJETTSØKNAD 2017 TIL NORSK KULTURRÅD

Saksansvarleg:

Inge Bent Arnestad

Saksutgreiing:

Administrasjonen og avdelingsdirektørane har drøfta søknadsprosjekt til budsjettsøknad for 2017 med utgangspunkt i arbeidsbudsjett for 2016 og gjennomgått på leiarmøte 16.02.2016.

Økonomiske råmer:

Dei samla driftstilskota til MiSF i 2017 (oppgjevne i 2016 kroneverdi) er berekna til kr. 58,45 mill. med følgjande fordeling:

	År 2017	År 2016
• Stat:	kr. 36,50 mill.	34,90 mill.
• Sogn og Fjordane fylkeskommune:	kr. 15,19 mill.	15,59 mill.
• Kommunane:	kr. 6,76 mill.	4,76 mill.

Vurderingar og konsekvensar ordinære driftstilskot

Det vert vesentlege endringar i fordelingsnøkkel mellom fylkeskommunale og kommunale driftstilskot i perioden 2015 til 2017. Fylkeskommunen vedtok å redusere driftstilskotet i

perioden med 3,1 mill. (frå 31% til 25% av samla tilskot), og forventar ei tilsvarande auke i kommunale driftstilskot (frå 9% til 15%). Driftstilskotet vart redusert med 1,1 mill. i 2015, og skulle reduserast med ytterlegare 1,0 mill. kvart år i 2016 og 2017.

I Budsjett 2016 / Økonomiplan 2016-2019 har fylkeskommunen vedteke utsetje vedteken reduksjonen i 2016 med eit år, slik at prosessen med etablering av nye kommunale driftsavgifter kan slutførast. Fylkeskommunen reduserer tilskotet i 2017 med 1,5 mill. og forventar ei tilsvarande auke i kommunale driftstilskot.

Søknad om ekstraløyving / prosjekt til budsjettsøknad, prioritert liste

Søknadsprosjekt/ tiltaka:

- 1) Driftsmidler til Måløyraidsenteret i Vågsøy
- 2) Prosjektmidler til etablering av fellesmagasin og museumsbygg til Sunnfjord Museum
- 3) Prosjektmidler til prosjektsøknad verne/formidlingsbygg til Holvikejekta

Det ligg inne 0,6 mill. i statstilskot, 0,5 mill. i fylkestilskot og 0,4 mill. i kommunale tilskot til drift av Måløyraidsenteret i 2017. Tilskotet føreset ei konsolideringsavtale mellom MiSF og Stiftinga Måløyraid Senteret. Det ligg vidare inne 1,0 mill. i statstilskot og 0,6 mill. i fylkestilskot til dei andre to søknadsprosjekta.

Prioritering av ekstratiltak i budsjettsøknaden 2017 byggjer både på nye og eksisterande tiltak i tidlegare budsjettsøknader.

Viktige oppgåver som er definert i strategiplanen innan samlingsforvaltning, forskning, formidling og fornying vil bli prioritert, og i tråd med kulturdepartementets føringar.

Driftsbudsjett er i balanse, oppsummering av søknadsprosjekt følgjer som vedlegg. Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane skal stå fram som ei samla eining, og både einskildtiltak og fellestiltak skal prioriterast i budsjettsøknaden. Tiltak for å styrke arbeidet innan all samlingsforvaltning skal prioriterast, dette gjeld i ulik grad, alle avdelingane.

Vedlegg: *Budsjett 2017 Søknadsbudsjett samla og spesifisert*
Budsjett 2017 Fordeling off. tilskot samla og avd.nivå
Budsjett 2017 Søknadsprosjekt prioriterte tiltak
▪ *Omtale prioriterte søknadsprosjekt vert utdelt i møte*

Direktøren sitt framlegg til vedtak:

Styret for MiSF vedtar framlagt budsjettsøknad for 2017

Vedtak:

Styret for MiSF vedtar framlagt budsjettsøknad for 2017

Samrøystes

SAK 07/2016: FELLESMAGASIN OG MUSEUMSBYGG FOR SUNNFJORD MUSEUM

Saksansvarleg:

Inge Bent Arnestad

Saksutgreiing:

Magasinforholda ved museumseiningane i Sogn og Fjordane vart vurdert av ABM-utvikling i samarbeid med Sogn og Fjordane fylkeskommune i 2006. Resultatet av kartlegginga viste at ein store delar av samlingane var lagra i ikkje eigna lokale.

Fylkeskommunen er kjent med museet sine utfordringar i høve magasinkapasiteten, og at så lenge magasinutfordringa ikkje er løyst, vil musea ikkje komme vidare i utviklinga av si samlingsforvaltning.

Realisering av revidert utgåve av «Kløften» med fellesmagasin var våren 2015 vurdert som for ambisiøst av fylkeskommunen, og ein ynskte at museet måtte vurdere ei tilstrekkeleg, men vesentleg rimelegare løysing.

MiSF har sidan i sommar, og i tråd med vedtak i fylkeskommunen, vore i dialog om kjøp av eit eksternt fabrikkbygg, som har tilstrekkeleg areal til å dekke noverande og framtidig magasinbehovet.

Sogn og Fjordane fylkeskommune, finansutvalet vedtok 30.09.2015 at fellesmagasinet vert søkt løyst gjennom det nedskalerte fellesprosjektet «Kløften», føresett at det ligg føre ei avtale mellom partane som regulerer ansvarsfordelinga for finansiering og drift og eigarskap. Etter at vedtaket var fatta, vart museet og tilbydar av fabrikkbygget samde om justert pris i november 2015. For delar av samlinga (store gjenstandar/båtar) kan bygget takast i bruk på kort sikt.

Leiargruppa i MiSF har vurdert dei to alternativa.

1. «Kløften» med magasin, og nytt magasin for båtar og store gjenstandar
2. «Kløften» utan magasin, og Ramstad Eskefabrikk som magasin som dekkjer behovet for magasinering av alle gjenstandane og båtar.

Alternativ 1:

Pluss: Fellesmagasin og nytt museumsbygg til Sunnfjord Museum styrkar prosjektet i forhold til realisering.

Minus: Tidsfaktor, regionale tilskot til investering og auka driftskostnader
Magasinareal - det må etablerast egne magasin for store gjenstandar og båtsamling

Alternativ 2:

Pluss: Vurdert samla som ei rimelegare løysing i forhold til investering og driftskostnader.
Sunnfjord Museum: Reduserte investerings- og driftskostnader for «Kløften».

Fellesmagasin: Kan eigast av museet, delvis klart til bruk, og areal til heile samlinga.

Eksternt magasin kan etablerast utan investeringstilskot frå fylke eller kommunane.

Behov for auka driftstilskot frå fylkeskommune til investering (låneopptak), ikkje auka kommunale driftstilskot.

Minus: Risiko i forhold til realisering av «Kløften» utan fellesmagasinfunksjon.

Sogn og Fjordane fylkeskommune ynskjer no å starte prosessen med å utarbeide eit endeleg søknad om statlege investeringsmidlar med søknadsfrist 1. mars 2017.

Styret i Musea i Sogn og Fjordane må ta stilling til magasinløysing før det vidare arbeidet med søknad om statlege investeringsmidlar kan starte.

Vedlegg: ABM-rapport frå 2006
Notat frå leiargruppa i MiSF

Saka vert lagt fram for styret utan framlegg til vedtak.

Etter drøftingar og vurdering av to alternativa, gjorde eit samla styre følgjande vedtak:

Vedtak:

1. **Styret meiner det no er kritisk viktig å få framdrift i arbeidet med nytt fellesmagasin for Musea i Sogn og Fjordane. Vi viser her til ABM-rapport som er nær 10 år gammal.**
2. **Ut frå praktiske og kostnadmessige vurderingar, meiner styret at kjøp av Ramstad Eskefabrikk framstår som den beste og mest realistiske løysinga. Styret legg stor vekt**

- på at denne løysinga er godt forankra fagleg i Musea i Sogn og Fjordane.
3. Vidare må det gjerast noko for å skaffe Sunnfjord Museum meir levelege vilkår. Dette kan best skje ved å realisere «Kløften» - men utan magasindel. Let ikkje dette seg realisere innan rimeleg tid, bør ein utvikle eit mindre kostnadskevjangende prosjekt.
 4. Styreleiar og nestleiar blir bedd om – saman med direktør, å kontakte fylkeskommunen med sikte på ei snarleg politisk avklaring.

Samrøystes

SAK 08/2016: MARKNADSPLAN FOR MISF

Saksansvarleg:

Torunn Skarstad/Inge Bent Arnestad

Saksutgreiing:

Styret i MiSF vedtok i sak 44/2012 å opprette ei felles prosjektstilling innan sal- og marknadsføring i MiSF. Prosjektstillinga var på plass våren 2015, og marknadskonsulent har arbeidet med planlegging og forarbeid til ein felles marknadsplan for MiSF.

Målsetjing:

Marknadsplanen skal sikre målretta bruk av marknadsmidlane som MiSF har til rådighet. I marknadsplanen skal ein analysere no-situasjonen, kartlegge kven som er målgruppene før vi ser på korleis vi skal nå desse meir effektivt enn i dag. Marknadsplanen er eit viktig grunnlagsdokument før vi kan innhente tilbod frå designbyrå på profilprosessen i MiSF. Nye nettsider er og ein del av profilprosessen. Marknadsplanen skal godkjennast av styret før ein innhente tilbod på grafisk profil.

Planarbeidet:

Direktør set ned ei plangruppe som får i oppgåve å utarbeide eit utkast til felles marknadsplan for MiSF.

Gruppa starta arbeidet i mars og skal etter planen avslutte arbeidet i oktober 2016.

Det er viktig at tilsette frå dei ulike avdelingane er med i startfasen, så kan ein etterkvart vurdere ei mindre arbeidsgruppe. Gruppa vert leia av marknadskonsulent som rapportere til direktør. Utkast skal deretter leggst fram for organisasjonen for kommentarar og innspel.

Tilbakemeldingane frå dei tilsette skal vurderast av plangruppa, som samla seg om det endelege utkast til marknadsplan for MiSF som vert lagt fram for styret til godkjenning.

Mandat for marknadsgruppa:

1. Marknadsgruppa skal lage forslag til ein felles marknadsplan for MiSF, som skal leggst fram for styret for godkjenning i løpet av 2016.
2. I profilprosessen vil marknadsgruppa bestå som ei arbeidsgruppe for å bistå intern prosjektleiar
3. Gruppa vert og ein arena for å diskutere/gjennomføre andre felles marknadstiltak.

Direktøren sitt framlegg til vedtak:

Styret for MiSF vedtar framlagt plan til utarbeiding av felles marknadsplan for MiSF

Vedtak:

Styret for MiSF vedtar framlagt plan til utarbeiding av felles marknadsplan for MiSF

Samrøystes

09/2016: RUTINAR VED TILSETTING AV AVDELINGSDIREKTØR

Saksansvarleg:

Inge Bent Arnestad

Bakgrunn for saka:

Sak 30/2015 punkt 1, sak 39/2015 punkt 2 og innspel frå styremedlem til saka, vedlagt e-post dagsett 03.02.2016.

Saksutgreiing:

Styret har bede administrasjon om å vurdere gjeldande praksis i samband med tilsetting av avdelingsdirektør, og legge fram sak for styret.

Fram til styret den 05.12.2012 vedtok sak 40/2012 Personal- og lønshandbok, var det styret som tilsette nye avdelingsdirektørar.

Styret vedtok samrøystes i sak 41/2012 endring av punkt 4.6, og det vart lagt til grunn at vedtektsendring skulle godkjennast av Lotteri og Stiftingstilsynet før punkt 4.7 skulle vere gjeldande.

Personal- og lønshandbok, punkt 4.7 Tilsetjingsmynde

«Styret for MiSF tilset direktør.

Direktør for MiSF tilset i alle faste stillingar etter tilråding frå tilsetjingsutvalet.

Direktøren har mynde til å tilsetje i prosjektstillingar og andre mellombelse stillingar.

Avdelingsdirektøren tilset ferie- og sesongarbeidarar, ekstrahjelp og omvisarar.

Styret skal ha melding om alle tilsetjingar som vert gjort i faste stillingsheimlar. Ved tilsetjing gjeld vanlege reglar om habilitet, jf. FVL kap. II § 6.»

Leiing, tillitsvalde og tilsette i MiSF har følgd vedteken Personal- og lønsplan sidan den vart vedteken av styret, men vedtektene er ikkje endra.

Vedtektene i ei stifting bør vurderast av styret slik at dei til ein kvar tid er i samsvar med føremål og gjeldande vedtak. Leiinga ynskjer snarast råd å gå gjennom gjeldande vedtekter og legge fram forslag til endring for styret.

Fram til endringar er godkjent av Lotteri og Stiftingstilsynet, kan styret vurdere å bruke retten å tilsette direktør, administrasjonssjef og avdelingsdirektørar.

Direktør ber styret ta stilling til om gjeldande praksis kan vidareførast fram til nye vedtekter er godkjent av Lotteri og Stiftingstilsynet.

Direktøren sitt framlegg til vedtak:

Styret for MiSF vedtek å gje direktør fullmakt til å vidareføre gjeldande praksis i samsvar med Personal- og Lønshandbok punkt 4.7, i samband med tilsetting av nye avdelingsdirektørar fram til vedtektsendringar er godkjent av Lotteri og Stiftingstilsynet.

Arild Hartmann Eriksen fremma følgjande framlegg til vedtak:

Ved ansettelse av avdelingsledere i MiSF skal styret holdes orientert om saksgangen slik:

- **Forslag til utlysningstekst sendes styret.**
- **Styret tilsendes søkerliste, også de som ønsker sin søknad unndratt offentlighet, før intervjuer igangsettes.**
- **Styret informeres om tilsettingsutvalg og hvem som innkalles til intervju.**

Forslaget fall mot ei stemme

Styret stemte deretter på direktør sit framlegg til vedtak.

Vedtak:

Styret for MiSF vedtek å gje direktør fullmakt til å vidareføre gjeldande praksis i samsvar med Personal- og Lønshandbok punkt 4.7, i samband med tilsetting av nye avdelingsdirektørar fram til vedtektsendringar er godkjent av Lotteri og Stiftelsestilsynet. Vedtak vart fatta mot ei stemme.

SAK 07/2016: YMSE

Steinar Evebø varsla til sak 10/2016 Ymse oppdatering om status i sak 30/2015 punkt. 2 Dokument til styre og leiing med orientering frå administrasjon og oppsummering i styret (Ikkje off. – Jf. Off.l. §13)

Styret ber direktør avklare status for saka, og vurdere om det må gjerast tiltak for å få den avslutta på ein tenleg måte.

Harry Mowatt
Styreleiar

Laura Kvamme
Nestleiar

Hanne B. Oftedal
Styremedlem

Steinar Evebø
Styremedlem

Arild Hartmann Eriksen
Styremedlem

Ingrid Norum
Styremedlem

Inge Bent Arnestad
Direktør